

Saksnr 59/16 Utval Formannskapet

Møtedato
07.12.2016

SUNNHORDLAND FERJEDRIFT AS, SØKNAD OM RUTELØYVE SUNDE - JEKTEVIK - UTTALE FRÅ STORD KOMMUNE

Framlegg til vedtak:

Formannskapet meiner det ikkje bør gjevast ruteløyve for privat ferjedrift mellom Sunde og Jektevik.

Formannskapet grunnjev det med at ein saknar ei utgreiing av konsekvensane for noverande ferjesamband Ranavik-Skjersholmane. Formannskapet kan vanskeleg sjå at det er trafikkgrunnlag for å ha to ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Formannskapet meiner eit samband til på denne strekninga vil svekka grunnlaget for drifta i det eksisterande sambandet Ranavik-Skjersholmane Det vil vidare skape uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad i regi av fylkeskommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 07.12.2016

Vedtak

Formannskapet meiner det ikkje bør gjevast ruteløyve for privat ferjedrift mellom Sunde og Jektevik.

Formannskapet grunnjev det med at ein saknar ei utgreiing av konsekvensane for noverande ferjesamband Ranavik-Skjersholmane. Formannskapet kan vanskeleg sjå at det er trafikkgrunnlag for å ha to ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Formannskapet meiner eit samband til på denne strekninga vil svekka grunnlaget for drifta i det eksisterande sambandet Ranavik-Skjersholmane Det vil vidare skape uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad i regi av fylkeskommunen.

Handsaming

Samrøystes vedteke

Rådmannen, 01.12.2016

Dokumentliste

S	01.12.2016		Sunnhordland Ferjedrift AS, søknad om ruteløyve Sunde - Jektevik - uttale frå Stord kommune
I	17.11.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik

Vedlegg

- 1 Sunnhordland Ferjeselskap AS - ruteplan
- 2 Sunnhordland Ferjedrift AS, søknad om ruteløyve Sunde - Jektevik
- 3 Søknad om ruteløyve Sunde - Jektevik - høringsbrev

Innleiing (bakgrunn for saka)

Sunnhordland Ferjerederi AS (under skiping) har i brev av 27.september 2016 søkt fylkeskommunen om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. Fylkeskommunen har ved brev av 17.november sendt søknaden på uttale til kommunane med høringsfrist 30. desember 2016.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

I søknaden står det at for Sunnhordland Ferjerederi AS er kunden/ trafikanten viktigast. Dei ynskjer eit ferjetilbod som er enklare, vesentleg betre, raskare og med hyppigare avgangar. Målet deira er innan to år å ha avgangar kvart 30. minutt frå begge sider. Dei skriv at deira samband vert det kortaste direkte over fjorden og med direkte innkøring på E39 i tillegg til ekspressbuss/ kystbussen med 31 avgangar pr. dag.

I søknaden står det vidare at ferjer som er aktuelle for kjøp eller leige, har storleik opptil 60-70 personbileiningar og at dei har innleia samtaler om kjøp.

Det er lagt til grunn ein billettpris for vanleg personbil inntil 6 meter på ca. kr. 248,- med høve for å kjøpa ferjekort/ rabattkort som gir 50% rabatt.

Vedlagt søknaden er førebels ruteplan, pressemelding og e-post frå Samferdselsdepartementet om tilsvarande sak/ spørsmål om privat ferjedrift over Høgsfjorden, ein presentasjon med trafikkutviklinga i sambandet frå 2008 og fram til i dag, og eit reknestykke for total lengde og reisetid mellom Husnes og Leirvik i dagens samband over Halsnøy og det omsøkte sambandet Sunde-Jektevik.

Av reknestykket går det fram at samla køyrelengde Husnes – Leirvik er 36,9 km i noverande samband og 30,6 km i det nye sambandet, samla reisetid er rekna til 1 time og 8 minutt i noverande samband og 57 minutt i det nye sambandet.

Vurdering

Raskare og betre samband mellom Stord og Kvinnherad er viktig for kommunane og regionen. For Stord er det særleg viktig for å styrkja grunnlaget for og vidareutvikla dei regionale funksjonane i Leirvik som er viktige for heile Sunnhordland. På bakgrunn av det har dei to kommunane og fylkeskommunen i gang eit arbeid som har som mål å få ei innkorting i sambandet.

Initiativet for å få til privat ferjedrift Sunde-Jektevik har og dette som mål, noko som er prisverdig.

Men slik initiativet og søknaden framstår i dag, er det fleire spørsmål det ikkje er svar på. Søknaden er m.a. mangelfull i høve til kva konsekvensar det nye sambandet vil ha for noverande samband Ranavik-Skjersholmane og for nedbetalinga av Halsnøysambandet.

Sambandet har i dag ein årsdøgntrafikk på ca. 700 køyretøy Det er ikkje grunn til å rekna med særleg auke i trafikken som følgje av det nye sambandet. Reisetida mellom Husnes og Leirvik vil framleis vera rundt ein time og forskjellen frå dagens samband er ikkje særleg stor. Forskjellen i reisetid for sjølve ferjeturen er oppgjeve til berre 2 minutt. For reisande mot Bergen vert innsparinga større mens reisande mot Haugesund og Stavanger får lengre reisetid. Det nye sambandet vil ta trafikk frå dagens samband

slik at det vert færre reisande på kvart av sambanda enn det i dag er på noverande samband. Dette kan i neste omgang svekka grunnlaget for på kort sikt å få betre tilbod med m.a. raskare ferjer enn i dagens samband, og svekka og skapa uro rundt arbeidet med å få til ei betydeleg betre innkorting i sambandet enn det det nye sambandet vil gje.

Økonomiske konsekvensar

Eventuell privat ferjedrift Sunde – Jektevik har ingen økonomiske konsekvensar for kommuneøkonomien.

Miljømessig konsekvens

Eit ekstra ferjesamband i sambandet Stord – Kvinnherad vil føra til samla sett større utslepp og ha negativ konsekvens for miljøet.

Folkehelse

Ingen endra konsekvens.

Universell utforming

Ingen endra konsekvens.

Beredskap

Ingen endra konsekvens.

Konklusjon, alternativ tilråding

Rådmannen rår til at formannskapet uttalar at det ikkje bør gjevast ruteløyve for privat ferjedrift mellom Sunde og Jektevik og grunngjev uttalen slik det går fram av framlegg til vedtak.